

**FORELDREMØTE I**  
**MOSMARKA BARNEHAGE**  
**ONSDAG 08.06.22 KL. 18.30**

- SAK 1. Barnehagen, inne og ute
- SAK 2. Styret og SU i barnehagen
- SAK 3. Diverse informasjon
- Parkering
  - Foreldrebetaling
  - Opningstid
  - Dugnad
  - Medlemskap
  - Årsmøte
  - Smittevern
  - Mat
  - Kidplan
- SAK 4. Personale og barnegruppene
- SAK 5. Spørsmål ?



Venleg helsing

Arnt-Helge Bjerknes  
- Dagleg leiar-

Bilde frå barnehagen








Barnehagen har gymsal, mange leikerom, mykje pedagogisk materiell, akvarium, 2 minibussar, grillhytte, gapahuk, ballbinge, akebakke med snøkanon, skog, leikeapparat, sykkelsti og mykje meir. Dette gir oss naturlege motoriske utvikling hos borna.



Vis kart over barnehagen inne






1245-190


OSE INGENIØRKONTOR AS

-  MOSTROLLA
-  SMÅTROLLA
-  REMETROLLA



-  EINETROLLA
-  SKOGTROLLA


REVISJON:	TEKNINGNUMMER:	
	1245-190	
TITTEL: Ranningsplan hovedetg		
<ul style="list-style-type: none"> <li> Brannmelder</li> <li> Brannslapparat</li> <li> Brannslange</li> <li> Brannutstyr</li> <li> Rømningsveg</li> <li> Branncelle</li> <li> Seksjoneringsvegg</li> </ul>		
REV	ENDRINGA GJELDER	
	SGH DATO	
TIL TAKSHAVAR: Mosmarka barnehage		
GÅRDSKUPPER:	BRUKSNUMMER	
	KOMPL. #21	
TITTEL: Ranningsplan hovedetg		
 <b>OSE</b>   INGENIØRAR TAKSTMENN Vikegata 19A, 6150 Ørsta / 70 04 52 20 / www.oseing.no		
ARBEIDSBELÆ: A3	PERMAN: PL_1245-190	MÅL: 1200
TEKNA: AS	KONTROL: LKE	DATO: 17.01.2014
REVISJON:	TEKNINGNUMMER: 1245-190	



Himling kjeller skal tilfredsstille brannkrav EI 60

Yttervegger innenfor 8 m for andre bygninger skal tilfredsstille brannkrav EI 60, dette gjelder og vinduer





ØRETROLLA



Påbygg

DATA DESIGN SYSTEM	
Tilleshaver:	Mosmarka Barnehage
Dato:	1.9.20
Byggesjess:	
Kommune:	Ørsta
Team:	
Prosjekt nr.:	20
Teamnr.:	501
Går:	
Bl.:	1 : 100
Plan og snitt	
Mosmarka Barnehage	





Påbygg



### Mosmarka Barnehage

Tilfeldstaver: Mosmarka Barnehage  
Byggeplass: Ørsta  
Kommune: Ørsta  
Grn: Bnr: Mål: 1 : 100  
Date: 20.03.2020  
Tegn: Mosmarka Barnehage  
Prosjekt nr.: 20  
Tegn.nr.: 502



## Styret

- Leiar:
- Liv Grete Stokke, 48124525
- Styremedlem:
- Lillian Hellebust, 90771544
- Marita Aklestad, 93613850
- Trude Velle Ulvestad, 97434241
- Jan Egil Gretland, 99108205
- Dagleg leiar, Sekretær:
- Arnt-Helge Bjerknes, 95202608

## Samarbeidsutvalet:

- Foreldrerepresentantar:
- Anja Steinnes Tvergrov, 41428945, [anjus\\_s@hotmail.com](mailto:anjus_s@hotmail.com)
- Bodil Worren Tvergrov, 97171119, [bodilworren@gmail.com](mailto:bodilworren@gmail.com)
- Vara: Asgeir Nupen, 40242930, [kellendil@gmail.com](mailto:kellendil@gmail.com)
- Tilsett representant:
- Beate Bjerkvik, 92222439, [bbjerkvik@yahoo.com](mailto:bbjerkvik@yahoo.com)
- Bodil Tvergrov, 41625723, [bodiltvergrov@hotmail.com](mailto:bodiltvergrov@hotmail.com)
- Styrerepresentant:
- Liv Grete Stokke, styreleiar (sjå styre)
- Dagleg leiar:
- Arnt-Helge Bjerknes, 95202608, [arnt@mosmarka.no](mailto:arnt@mosmarka.no)

## Parkering

Vi har to parkeringsområde. Den eine med innkøyring frå Mosmarka og den andre med innkøyring frå Øvre Mo. Parkeringa i Remebakken (Mosmarka) har plass til omlag 12 bilar, der står også barnehagen sine Minibussar parkert. Den andre parkeringa har plass til omlag 20 bilar.

Fest barna forskrifts messig i bilen.

Bilen skal ikkje stå å gå på tomgang på parkeringsplassen, tenk miljø. Eksosen vert dregen inn i ventilasjonssystemet til barnehagen.



Nøklar må ikkje stå i tenninga medan du er inne i barnehagen, barn kan finne på å setje seg inn i andre sine bilar.

Varelevering skjer via parkeringsområdet Mosmarka.

#### Foreldrebetaling

Foreldrebetalinga blir fastsett av driftsstyret med 11 betalingsmånader pr. år. *For dei borna som skal starte på skule i august, vil det bli fakturert for august (ut veke 32) på juni fakturaen.* Betalingssatsane følgje Stortinget vedtak om makspris iht. føreskrift om foreldrebetaling i barnehage. Foreldrebetalinga skal betalast forskotsvis den 1. i kvar måned. Ved manglande betaling kan plassen seiast opp med 14 dagars skriftleg varsel. Foreldre/føresette er likevel ansvarleg for foreldrebetaling, med mindre barnehagen får inn nytt barn i plassen

Redusert foreldrebetaling: vis skriv frå Ørsta kommune

*Sjå vedlegg. 1*

#### § 7 OPNINGSTIDER:

Barnehagen skal ha ope kvar måndag til fredag frå kl. 07.00-16.45 heile året med unntak av jule- og nyttårsaftan, onsdag før påske og heilagdagane, og inntil fem(5) studie- og planleggingsdagar i året. Ved for seint henting av born vert det eit gebyr på kr. 100,- pr. påbyrja halvtime. Alle borna skal i løpet av barnehageåret ha fire veker ferie i perioden veke 25 – veke 32, helst samanhengande. I tillegg kjem dei fem tidlegare nemnde studie- og planleggingsdagane.

#### § 10 DUGNADSPLIKT:

Driftsstyret er ansvarleg for innkalling til dugnad. Innkalling skal skje seinast ei veke før dugnad. Det vert ført lister over dugnadsoppmøte. Alle som ikkje møter pliktar å syte for vikar. Dugnadspliktige som ikkje møter må betale kr 500,- pr innkalla time. Krav vert utsendt etter kvar dugnad. Dersom rekninga etter dette likevel ikkje vert betalt, vert den send til inkasso, uavhengig av storleiken på beløpet. Dugnadsplikta vert fastsett på årsmøtet. Det er berre medlemmar av driftsstyre som er fritekne frå dugnadsplikt. Ikkje utført eller betalt dugnad er oppseiingsgrunn av barnehageplassen.

### **Medlemskap**

Føretaket er opent for foreldre/føresette som får tilbud om barnehageplass i barnehagen. Når foreldre/føresette har akseptert tilbud om barnehageplass, plikter dei å bli medlem av føretaket. Medlemskapet kan etter avtale med dagleg leder overdragast mellom føresette som har felles barn.

Medlemmene skal ikkje betale medlemskontingent.

Medlemmene hefter ikkje overfor kreditorane for føretakets forpliktelser.

Føretaket kan bruke elektronisk kommunikasjon når det skal gi meldingar, varsel, informasjon, dokument og liknandes etter samvirkeloven til medlemmene såframt medlemen uttrykkeleg har godtatt det og ikkje noko anna følgjer av lov om samvirkeforetak.

Når et medlem skal gi meldingar eller liknandes etter lov om samvirkeforetak, kan medlemen gjøre dette ved hjelp av elektronisk kommunikasjon til den e-post adressa eller på den måten dagleg leder eller styret har fastsett til dette formålet.

### **Andelsinnskudd**

Årsmøte i Mars bestemte at det skal ikkje være innskot lenger

### **Årsmøte**

Årsmøtet er føretakets øvste organ.

Ordinært årsmøte skal av holdast innan utgangen av Mars månad kvart år.

Styret skal kalle inn til ekstraordinært årsmøte når styret finner det nødvendig, eller når revisor eller minst ti prosent av medlemmene krev det og samtidig oppgitt kva saker de ønskjer behandlast.

Årsmøtet leiast av styreleiar med mindre årsmøtet vel en annan møteleiar.

Smittevern:

Vi har hatt trafikklys reglar som resten av samfunnet.

No skal vi mest truleg starte det nye barnehageåret utan trafikklys.

Mat:

Vi har kokk i barnehagen

Kvar avdeling vil få to varmmåltid i veka.

Fisk, kylling, grønsaker som eksempel

Tre måltid med brødmatt, knekkebrød, grovskive, kornblanding osv.

Fem frukt/grønsak måltid –

Servering av frokost

## KIDPLAN

- App med tilgang frå første barnehagedagen
- Informasjon frå avdelinga og styrar
- Bilde
- Viktig at e-posten som dokke står oppført med på Ørsta kommune si side er rett og at begge har oppført e-post.
- Dei som er heilt nye i barnehagen vil bli lagt til frå 15.08.22 / 01.01.23

Sjå vedlegg som eks.  
2



## Informasjon om redusert foreldrebetaling/gratis kjernetid

Lov om barnehagar og forskrift om foreldrebetaling i barnehagen avgjer foreldrebetalinga i barnehagen. Foreldre med barn i barnehagen skal ikkje betale meir enn makspris for ein barnehageplass.

Det er kommunen der barnet er folkeregistrert som skal handsame søknad om reduksjon og gratis kjernetid.

Søknad om redusert foreldrebetaling finn du her: [Ørsta kommune](#)

### Søknadsfrist

Det er ingen frist for å søke, men vedtak gjeld for eit barnehageår i gongen. Vedtak gjeld frå første heile månad etter at søknad med nødvendig dokumentasjon er registrert.

### Moderasjonsordningar ved fleire barn eller lav inntekt

- søskenmoderasjon
- redusert foreldrebetaling for husstandar med lav inntekt
- redusert kjernetid for 2-, 3-, 4- og 5-åringar

### Søskenmoderasjon

Har du meir enn eit barn i barnehage i same kommune, har du rett på søskenmoderasjon.

Retten til søskenmoderasjon gjeld uavhengig av om barna går i forskjellige barnehagar, eller i barnehagar med forskjellige eigarar.

Reduksjon for det andre barnet er minimum 30 prosent, og for det tredje barnet og oppover er det 50 prosent reduksjon.

### Gradert foreldrebetaling for husstandar med lav inntekt

Frå 1. mai 2015 skal ingen hushald betale meir enn 6% av inntekta si for ein barnehageplass. Foreldrebetalinga er også avgrensa av maksimalprisen, som i 2021 er 3 230 kroner per månad. Det er hushaldet si brutto inntekt som vert lagt til grunn. Skattefrie inntekter skal ikkje inkluderast.

Som eit hushald reknar ein ektefelle, registrerte partnerar og sambuarar. Sambuarar er to ugifte personar over 18 år som bur i lag, og som har budd saman i eit ekteskapsliknande forhold i minst 12 av de siste 18 månadane, eller har felles barn. Bur eit barn fast hos begge foreldra, skal foreldrebetalinga reknast ut frå inntekta i hushaldet der barnet er folkeregistrert.

Meir informasjon om ordninga finn du på utdanningsdirektoratet sine heimesider: [Foreldrebetaling](#)



ØRSTA KOMMUNE

Barnehage

### **Gratis kjernetid.**

Frå 1. august 2016 har alle 2-, 3-, 4- og 5-åringar, og barn med utsett skulestart, som bur i hushald med lav inntekt rett til å få 20 timar gratis opphaldstid i barnehage per veke.

Frå 1. august 2021 er inntektsgrensa 583 650 kroner.

### **Krav til dokumentasjon**

Skattemeldinga er det sentrale dokumentet til søknaden. Dersom denne ikkje kan leggst fram, kan søkar legge fram anna gyldig dokumentasjon:

- Vedtak frå NAV
- Dokumentasjon frå arbeidsgivar som viser vesentlig endring i lønn

### **Handsaming**

Søknadar vert handsama etterkvart med vedtak som gjeld frå og med den første heile månaden etter søknadstidspunktet. Dokumentasjon må då vere levert i lag med søknad. Søknad utan dokumentasjon vert ikkje handsama.

Søknaden varer for eit barnehageår (1/8-31/7) om gangen. Ordninga gjeld både kommunale og private barnehagar.

Ørsta, 21.04.2021

Reidun Mo  
Seksjonsleiar barnehage



Meny



Tavla



Min profil



leny

Alle avdelinger ▾

Grupper ▾

#### Tavlepost

for en time siden

Mostrolla

I dag leika vi ute på føremiddag. Vi sykla, reia, leika i sandkassa og blåste såpebobler. Brødskiver og knekkebrød kl.11. I sovetida leika vi litt inne, før vi går ut att. Avsluttar dagen ute 🌞⚙️⚙️

#### Tavlepost


for en time siden

Småtrolla

Leik ute på føremiddag, vi sila, klatra, sykla og leika i sandkassa.

Vi går ut igjen etter kvil.

Vi har fått fugleungar i eine fuglekassa vår!!



Les me

#### Tavlepost

for en time siden

Einetrolla

Det vart ein flott dag idag. Vi gikk ut kl 10 og er ute resten av dagen.

Det har vore dugnadsarbeid i helga, så vi har litt redusert plass til arbeidet er ferdig. Derfor tek vi ei uteveke denne veka. Vi startar dagen inne, og går ut ca 10.

Ønskar alle ei super dag vidare 🌞🌞

**Einetrolla**



**Skogtrolla**



**Øvretrolla**



Småtrolla




Remetrolla



Mostrolla



Kokk og Reinhold





## Opptaket

Viser til besøksdagar som alle nye vil få tilbod om, der kan ein få oversikta over kven som skal gå på avdeling ilag med barnet ditt.

## Tradisjonar i Mosmarka barnehage

### 6års klubb

Vi jobbar med Trampolineboka vår og har forskjellige aktivitetar. Vidare får barna avslutte tida i barnehagen med tur til Hakkalegarden og overnatting i barnehagen.

### FN- dagen

Utstilling i gymsalen og foreldrekafe. inntekta går til fadderbarnet vårt og FORUT

### Juleverkstad

Barna lagar julegaver. Vi lagar til julestemning i grilllytta i veke 47 og 48

### Julegrantenning

Siste fredagen i november tenner vi lysa i julegrana som er utanfor barnehagen. Heile barnehagen samlar seg og syng julesongar

### Julebord for barna

Barna møter opp i finstasa og vi et god mat ilag.

### Lucia

6årsklubben bakarog delar yt lussekattar og går i Luciatog til alle avdelingane.

### Nissefest

Barna kjem som nissar i barnehagen. Vi et nissegraut, har nissedisc, går rundt juletreet og kanskje får vi besøk av nissen :)

### Solfest

Rundt 20. januar kjem sola tilbake til barnehagen. Dette feirar vi med solsamling, solfest, solbollar og gul saft.

### Samefolketsdag

Vi har samlingar denne med tema om Samefolket. Vi snakkar om tradisjonane til Samefolket

### Karneval

Rundt fastelan har vi karneval i barnehagen. Barna kjem utkledd og vi har disco og god mat

### Barnehagedagen

Denne dagen er felles for alle barnehagar. Vi har den i Mars/April og eit nytt tema for kvart år. Vi brukar å ha aktivitetssløype denne dagen.

### 17.Mai

Vi går ti tog rundt om i mosmarkafeltet. partalsår går vi i mosmarkafeltet og oddetalsår går vi på Øvre Mo. Når vi kjem tilbake i barnehagen har vi leikar og kosar oss med god mat.

### Sommarfest

I veke 24 har vi sommarfest for heile barnehagen. Foreldra kjem til barnehagen og vi grillar ilag i barnehagen. Barna har også laga til eit program denne dagen.